



Lindås Bygdelag  
Arne Aven  
Lindås  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1694 - 23/19764

Saksbehandlar:  
Marte Hagen Eriksrud  
marte.hagen.eriksrud@alver.kommune.no

Dato:  
10.03.2023

## Spørsmål om arbeidet med arealplanen for Alver kommune

Viser til e-post sendt til Alver kommune, 27. februar 2023.

Innspel frå Lindås bygdelag skulle vært ein del av merknadsskjema som vedlegg til endeleg handsaming av planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel. Innspelet frå Lindås bygdelag er ved ein feil ikkje tatt med i merknadsskjema. Vi er lei for den feilen.

Lindås er eit av sentra i senterstrukturen i Alver og er utvikling av attraktive senter er eit viktig tema i planarbeidet.

I innspelet frå Lindås bygdelag er det fleire element som vi tar med oss inn i vurderingane i planarbeidet. Til dømes innspel til føresegna og innspel til kulturmiljø. Alle innspel er lest, og vi har samla innspela i ulike dokument. Arealinnspel er lagt ut i innspelskart, innspel til føresegna er samla i eit dokument og så vidare. Handsaming av innspela er omtalt i politisk sak til styringsgruppa 14. desember og 22. mars. Link til desse sakene er å finne på nettsida til kommuneplanen og i møteplan for råd og utval.

Områdeplan for Lindås. Endeleg vedtak av om kravet til områdeplan vert tatt ut, kjem ved vedtak av kommuneplanen. Administrasjonen til Alver kommune har ønskje om å tilrå at kravet om områdeplan vert tatt ut av kommuneplanen.

Vi har ei eiga nettside for kommuneplanen sin arealdel: [Alver kommune - Kommuneplanen sin arealdel](#).

På nettsida vert det fortløpande lagt ut relevant informasjon om planarbeidet, til dømes tidslinje for arbeidet, kunnskapsgrunnlag samt alle politiske saker og vedtak i politisk styringsgruppe.

Med helsing  
Alver kommune, Plan og analyse

Marte Hagen Eriksrud  
Rådgevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Lindås Bygdelag

Lindås

5955

LINDÅS